



Saksbehandlar: Ingeborg Lysne Mcevoy, Næringsavdelinga
Sak nr.: 15/8020-45

**Klagesak INU-FSF 2015 - Flora Skogeigarlag - Prosjekt: Eikefjord
tømmerkai**

...::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

**Fylkesdirektøren for næring rår Hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt
vedtak:**

- Flora Skogeigarlag får avslag på klagen

...::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

Andre dokument som ikke ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Kort om ordninga og saksgang

INU-FSF er forkorting for "Den interkommunale næringsretta utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Flora og Sogndal. Midlane blir tildelt av Kommunal og Moderniseringsdepartementet (KMD) over statsbudsjettet kapittel 551 post 61(Kompensasjonsordninga). Midlane skal forvaltast etter eigne retningsliner. Midlane er søknadsbaserte etter utlysing. Både offentlege og private rettssubjekt kan søkje på midlane . Søknadane blir handsama og utgreidde av administrasjonen i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Vedtak om tildeling av midlane blir gjort av INU-FSF styret . Dei vurderer vedtak om fordeling av desse midlane til å vere enkeltvedtak som kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.

Handsaming ved eventuell klage

- Administrasjonen (næringsavdelinga) utgreier klagesaka til (underinstans) hovudutval for plan og næring (HPN).
- Klagen blir lagt fram for styret i INU-FSF som eit ledd i klagehandsaminga og styret får komme med innspel til klagevurderinga.
- Om klagen blir teken til følgje og klagar får heilt eller delvis medhald og vedtaket blir omgjort, blir vedtaket gjort av HPN.
- Om klagen ikkje blir teken til følgje i HPN så går saka til avgjerd i fylkesutvalet som klageinstans.

Vi mottok klage på vedtak 03.11.2015 og sendte klagen vidare til INU- FSF- styret for eventuelle innspel 18.11.2015 med frist 01.12.2015. Styret hadde ingen innspel og saka vert sendt vidare til HNK for handsaming.

2. Handsaming av klaga

Vi viser til søknad frå Flora tømmerkai med vedlegg, og saksframstilling som vart lagt fram for INU-FSF styret 28. september 2015.

Flora Skogeigarlag bad om saksutgreiing og fekk denne tilsendt 23.10.2015. Vi mottok klagen 03.11.2015. I klagen går det fram at dei ikkje hadde venta å få tildelt heile summen på 9 millionar kroner. I tillegg har dei i mellomtida fått 6,5 millioner kroner meir enn det som var venta i SLF-midlar (Statens Landbruksforvaltning). Dei ber om at søknaden vert vurdert på nytt om løyvinga ikkje blir så stor i denne runden.

Vi har vurdert handsama søknaden ut i frå dei opplysningar som låg føre i søknaden og beløpet som det vart søkt om. Nye opplysingar i saka gjer at Flora Skogeigarlag kan klare seg med mindre midlar, men vi vil ikkje klare å imøtekome dette. Etter tildeling av INU- FSF midlar i 2015 er det att restmidlar på 56 200 kr.

Det er ein hard konkurranse om INU- FSF midlane og andre prosjekt har blitt prioritert framfor Eikefjord tømmerkai fordi dei treff utlysinga betre.

4. Konklusjon

Klagen til Flora Skogeigarlag om tilskot til Eikefjord Tømmerkai vert ikkje teken til følgje. Saka vert sendt over til Hovudutval for næring og kultur som er underinstans for klagehandsaming.

Fylkesdirektør for næring rår Hovudutval for næring og kultur til å avslå klagen frå Flora Skogeigarlag.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)